


ULVIK FJELLSTYRE




ULVIK FJELLSTYRE

2024 – 2027



Utsikt frå Memorgebu

Foto: Ole Rune Røkenes (HF)



ULVIK FJELLSTYRE 2024 – 2027

Atle Ulgenes – leiar

Stig Yngve Røkenes – nestleiar

Kåre Olai Solheim

Johannes Sponheim

Katrina Kvåle Hellesnes

Ole Rune Røkenes, fjelloppsyn og dagleg leiar i Fjellstyra på Hardangervidda A/S

Ulvik fjellstyre er medeigar i selskapet Fjellstyra på Hardangervidda A/S saman med Eidfjord, Ullensvang, Røldal, Øvre Numedal og Rauland fjellstyre. Oppsynsverksemda til selskapet ber navnet Hardangervidda fjelloppsyn.

Ulvik fjellstyre forvaltar Ulvik statsallmenning etter reglar i Fjelleva på vegne av Statskog SF. Ulvik fjellstyre er eit sjølvstendig forvaltningsorgan vald av Ulvik heradsstyre for fire år om gongen. I det daglege har Ulvik fjellstyre samarbeid med Statskog, Ulvik herad, forvaltningsorgana for villreinen og dei bruksberettiga i statsallmenningen.

Innanfor Ulvik statsallmenning ligg tre områder som har vern etter egne reglar. Dette er Hallingskarvet nasjonalpark, Finse biotopvernområde og Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde.

I Nordfjella villreinutval sit Stig Yngve Røkenes. Atle Ulgenes sit i Hardangervidda villreinutvalg.


Atle Ulgenes sit i styret for Fjellstyra på Hardangervidda A/S og møter på landsmøte i Norges Fjellstyresamband der Ulvik fjellstyre er medlem.

I saker der Ulvik fjellstyre har interesser er Norges Fjellstyresamband juridisk rådgjevar.

Hovudinntektene til Ulvik fjellstyre kjem frå sal av villreinkort, småviltkort og fiskekort. Inntekter kjem også frå utleige av fjellstyrehytter og frå avgifter på festetomter. Dei største utgiftspostane er utgifter til drift av fjellstyrekontor og fjelloppsyn og drift/vedlikehald av fjellstyrehyttene.

ULVIK STATSALLMENNING

Utgjer totalt 400 km², noko som utgjer 57 % av arealet i Ulvik herad. 363 km² av dette er villreinareal. Ulvik statsallmenning har areal innanfor både Hardangervidda villreinområde og



Nordfjella villreinområde. Vidare er det om lag 20 gode fiskevatn med eit areal på om lag 20 km². Hardangerjøkulen utgjer eit område på omlag 20 km² i Ulvik herad.

BEITEBRUK

Det er fleire brukarar som har utvist beite i Ulvik Statsallmenning. Beiteområda ligg i Langvasshøgden, Austdalen, Torbjørnstølen, Oksabotn, Oksabotn sør og Hansbu. Kvar sumar beiter det om lag 1300 sau og lam her. Det har ikkje vore beita storfe sidan 1985. Det var mjølkekyr på Torbjørnstølen fram til 1965.

HYTTER

Ulvik fjellstyre eig fire steinbuer, tre naust og fem hytter som alle er tilgjengelege for leige. I tillegg vert det kvar sommar sett opp lavvo ved Langavatnet når tilhøva tillet det. Husvære er nummerert med punkt. Du finn plasseringa av hyttene, steinbuene og lavvoen i kartet på midtsida i foldaren.

1. Rundavassbu – Nr. 1 i kartet

Koordinat: 32V 400198 6720506




Steinbu i eit rom. Vedomn, kokeapparat og noko kjøkenutstyr. 2 liggjeplassar. Bua er under renovering. Enkel standard. Bua ligg i nordre enden av Rundavatn rett sør for Vetla Rundavatn. Open. Prisar:

www.hardangervidda-fjellstyra.no/ulvik

2. Austdalsbu – Nr. 2 i kartet

Koordinat: 32V 402427 6719883



Steinbu med takglas. Restaurert innvendig sommaren 2015. Vedovn, kokeapparat samt noko kjøkenutstyr. Berre til sommarbruk då den snør ned om vinteren. 2 liggeplassar. Open. Prisar: www.hardangervidda-fjellstyra.no/ulvik

3. Sankebu – Nr 3. i kartet

Koordinat: 32V 402083 6719928




Hytta er utleigd til brukar som har sau på beite i statsallmenningen. 32m², vedovn, vindfang, gang, soverom, opphaldsrom, hems og utedo. Restaurert i 2011, 2018 og 2023.

4. Memorgebu – Nr 4. i kartet

Koordinat: 32V 407918 6720844



Steinbu i eitt rom. Hytta vart sett i stand etter brann i 1983 med nytt tak, drenering av vatn, nye senger og golv. Vedovn, kokeapparat og noko kjøkenutstyr. 2-3 liggeplassar. Enkel standard. Kodeboks. Prisar: www.hardangervidda-fjellstyra.no/ulvik

**5. Ripsebu – Nr. 5 i kartet**

Koordinat: 32V 401197 6715502



Bygd i 1984. To rom, vedovn, kokeapparat og kjøkkenutstyr. 3-4 liggjeplassar, utedo. Solcelleanlegg. Ny kledning 2020. Båt tilgjengeleg for brukarar av hytta. Kodeboks. Prisar: Sjå inatur.no

6. Søre Grøndal – Nr. 6 i kartet

Koordinat: 32V 400704 6723080



Bygd i 1952, 2 rom, vedovn, kokeapparat og kjøkkenutstyr, 4 liggjeplassar, uthus med utedo. Tilhøyrande naust med båt, motor og garn. Restaurert innvendig 2012. Ny kledning og solcelleanlegg i 2019. Kodeboks. Prisar: Sjå inatur.no

7. Dyrahola – Nr. 7 i kartet


Koordinat: 32V 4003399 6722930



Oppført i 1988, vedovn, propanbluss og kjøkkenutstyr for 6 personar. Hytta har gang, soverom med 4 senger, kombinert kjøkken/stove og hems. Solcelleanlegg. Ny utedo oppført i 2024. Kodeboks. Prisar: Sjå inatur.no

8. Lengjedalsbua – Nr. 8 i kartet

Koordinat: 32V 423291 6720167



Steinbu i eitt rom. Sett i stand på slutten av 70-talet. Nytt torvtak i 1987. Vedovn, kokeapparat og noko kjøkkenutstyr. 2-3 liggjeplassar. Nye glas og front i 2017. Open. Prisar: www.hardangervidda-fjellstyra.no/ulvik

9. Finsebu – Nr. 9 i kartet



Koordinat: 32V 418639 6719173

Hytta har eit areal på 80 m². Stove og kjøkken, 3 soverom, 8 liggjeplassar, vedbod, entre, vaskerom, bod og snurredass. Innlagt straum, elektrisk komfyr og kjøleskåp og kaffetrakter. Vedovn. Ikkje innlagt vatn, Sommarstid hentar ein vatn i bekk like ved. Hytta er lett tilgjengeleg omlag 700 meter frå Finse stasjon. Kodeboks. Prisar: Sjå inatur.no

10. Lavvo ved Langavatnet



Koordinat: 32V 401258 6714468


Fjellstyret set opp lavvo med vedovn ved Langavatnet i sommarsesongen. Denne står til fri bruk for fiskarar, jegerar og andre brukarar av fjellet. Det er mogeleg å nytte båt på Langavatnet så ta gjerne med ved. Det er gratis å disponere lavvoen, men om du ynskjer å betale litt for bruken, set ein inn eit beløp til konto: 3450 24 08072.

11. Naust ved Kvilinganutvatnet


Koordinat: 32V 401381 6721664

Naustet vart bygd i 2002 og inneheld båt, og flytevestar. Sommaren 2023 vart naustet sett i stand, med nytt golv, front og dører, samt at bygget vart forsterka mtp snøtilhøva i området. Naustet står opent og kan nyttast fritt av fjellfolk. Naustet ligg på vestsida av Kvilinganutvatnet.


ULVIK FJELLSTYRE



For meir informasjon om hyttene i statsallmenningen, sjå inatur.no eller www.hardangervidda-fjellstyra.no/ulvik




Kartutsnitt



Målestokk 1:160000
Skrevet ut: 17.03.2020

- | | |
|----------------|-----------------|
| 1. Rundavassbu | 2. Austdalsbu |
| 3. Sankebu | 4. Memorgebu |
| 5. Ripsebu | 6. Søre Grøndal |
| 7. Dyrahola | 8. Lengjedalsbu |
| 9. Finsebu | |



FISKE

Aurefisket i statsallmenningen er jamt over godt, og det vert gjerne fanga fisk på rundt kiloen. Fisken er av god kvalitet, med fin raudfarge i kjøtet. Fiskesesongen startar oftast i juli måned. Isen kan liggje lenge på dei høgtliggjande vatna. Sluk og spinnar er mest nytta, men under gode vertilhøve kan ein og få bra utteljing med flogestanga.

Innbyggjarar i Ulvik har særrettar til fiske i statsallmenningen etter reglar i Fjellova. Innanbygdsbuande kan også nytta nytta garn og oter. Fiske med stang er tilgjengeleg for alle, heile året. Personar under 16 år kan fiske med stang utan fiskekort. Fjellstyret ber kvar enkelt setja seg inn i fiskreglane som gjeld. Fiskekort får ein kjøpt på inatur.no.


Gode vatn og vassdrag som er verd eit besøk:

- Langavatn
- Memorgevatna
- Austdalsvassdraget
- Fløyelsvatna
- Kvannjolvatnet
- Kvilinganutvatnet
- Floskefonnsvatnet
- Vatna i Dyrahola
- Søre Grøndalsvatnet
- Rispetjørnane



Flott fangst!

Foto: Ole Rune Røkenes (HF)



Godt fiske i Langvatnet

Foto: Ole Rune Røkenes (HF)

REINSJAKT

Innanfor Ulvik statsallmenning ligg to villreinområde. Nordfjella villreinområde går frå Ustekveikja-vassdraget til grensa i nord mot Hol og Aurland kommune. Villreinområdet sør for Ustekveikja til grensa mot Eidfjord kommune høyrer til Hardangervidda villreinområde. Osafjellet er ein del av dette området.

Innbyggjarane i Ulvik har særlege rettar etter Fjellova ved tildeling av villreinkort. Jaktkort på villrein i statsallmenningar vert tildelt etter reglane i Fjellova §§ 23, 24 og 25.

Ulvik fjellstyre har samjaktavtalar med andre fjellstyre og private område.

Det er viktig at jegerar som får tildelt villreinkort frå Ulvik fjellstyre held seg oppdatert på gjeldande jaktreglar. Fjellstyret legg kvart år ut oppdatert informasjon på våre nettsider og på inatur.no. Dette er viktig då jaktreglar, samjaktavtalar og anna regelverk kan verta endra år for år.

Du kan søkje om villreinkort på inatur.no. Søknadsfristen er 2. mai kvart år.





Foto: Ole Rune Røkenes (HF)



Reinsflokk i Dyrahola

Foto: Ole Rune Røkenes (HF)



SMÅVILTJAKT

Mesteparten av arealet i Ulvik statsallmenning høgtliggjande fjellområde mellom 1100-1800 moh, og fjellrypa er denduminerande arten. Det fins også lirype og hare. Rypebestanden har variert dei siste åra, og fjellstyret har hatt fleire periodar med freding. Dei siste åra har fjellstyret hatt småviltjakt, men med eit vesentleg avgrensa kortsal i høve til tidlegare.

Jakterrenget ligg lett tilgjengeleg, anten via bilvegen frå Osa eller med tog til Finse eller Hallingskeid.

Det er berre anledning til å jakte småvilt utan hund i statsallmenningen. Jakttida er frå og med 15. september til og med 23. desember.

Fellingsresultat:	Fjellrype	Lirype	Hare
2022	155	2	2
2023	113	8	5


Småviltkort kan ein kjøpe på inatur.no.



Småviltjakt på Osafjellet

Foto: Ole Rune Røkenes (HF)

ULVIK FJELLSTYRE



KONTAKTINFORMASJON

Postadresse:

Ulvik fjellstyre
Postboks 2, 5731 Ulvik
Kontoradresse: Øvre Skeie 12, 5730 Ulvik

E-post:

ulvik@fjellstyrene.no

Telefon:

Dagleg leiar og fjelloppsyn, Ole Rune Røkenes	: 949 78 534
Leiar, Atle Ulgenes	: 905 97 079
Nesleiar, Stig Yngve Røkenes	: 480 95 710

Nettside:

<http://www.hardangervidda-fjellstyra.no/ulvikulvik>


Facebook:

<https://www.facebook.com/Ulvik-fjellstyre-313874352767202/?ref=settings>

Inatur.no

Det ligg også informasjon om fjellstyret på nettsidene til Ulvik herad, under Næring og landbruk.

ULVIK FJELLSTYRE



Lavvo ved Langavatn


Foto: Atle Ulgenes



Dorging på Langavatn

Foto: Atle Ulgenes

ULVIK FJELLSTYRE



Søre Grøndal

Foto: Ole Rune Røkenes (HF)

God tur til fjells!